

# Årsmelding 2019



👁 Konfirmantane sprang Thailandløpet for å samle inn pengar



Gospel teens og Lyskastaren sang på Øygaardssong. Foto: Olav Martin Vik

# Øygarden sokneråd

## Innleiing

Soknerådet sitt hovudansvar er å gjere alt for å vekkje og nære det kristelege arbeidet i soknet, særleg at Guds ord vert forkynt. Årsrapporten frå soknerådet nemner nokre område. For å få inntrykk av breidda i arbeidet må heile årsmeldinga sjåast i samanheng.

## Arbeidet i soknet

2019 har vore prega av høg aktivitet i soknet. Soknerådet har eit stort fokus på å byggja kyrkjelyd gjennom mellom anna eit målretta arbeid basert på NaMu-opplegget (Naturlig menighetvekst). Gjennom undersøkingar ute i kyrkjelyden får ein fram det som fungerer bra og det som fungerer mindre bra, sett med kyrkjelyden sine auge. Undersøkingane gir eit grunnlag for korleis ein skal arbeide for å utvikle kyrkjelyden på ein slik måte at menneska kjenner seg sett og får høve til aktivt å delta sjølv i arbeidet. Dette er eit langsiktig arbeid.

## Gudstenestelivet

Gudstenesta er grunnleggande viktig for alt anna som skjer i kyrkjelyden. Her kjem ein saman for å søke og møte Gud. Det ligg styrke i å møte Gud saman med andre. I glede og sorg samlast kyrkjelyden til gudsteneste. I gudstenesta får ein synge, lytte og be saman med andre. Gudstenestene er opne for alle.

Soknerådet legg vekt på at gudstenestene skal opplevast som inkluderande og at menneska som kjem til gudstenesta skal oppleve å bli møtt og sett på ein god måte.

Det er variasjon i innhaldet i gudstenestene som t.d. sprelllevande gudstenester som er opplagt for barn og unge sitt engasjement i gudstenesta.

Det er ein auke i fram møte på gudstenestene, mest i Blomvåg kyrkje. Det er også ei auke i nattverdsdeltakinga.

## Fellesskapet i kyrkjelyden

Soknerådet arbeider for eit godt fellesskap også utanfor gudstenestene. Fellesskapskveldar, sommarfest for frivillige medarbeidarar, morgonmesser, markturar i Øygarden og julefest er faste møtepunkt gjennom året og døme på fellesskapsbygging. Soknerådet har forlenga avtalen og samarbeidet med NaMu.Norge.

## Frivillige uløna medarbeidarar

Soknerådet takkar alle frivillige uløna medarbeidarar særskilt. Frivillige er og vert ein viktig ressurs i det kristne

arbeidet i regi av soknerådet. Det er eit behov for fleire frivillige medarbeidarar.

## Misjon

Å drive misjon er grunnleggande viktig i ein kristen samanheng. Utlands er kyrkjelyden engasjert i misjonsarbeid i Thailand gjennom ein avtale med NMS og IMI-kyrkja i Stavanger.

I 2019 gjekk soknerådet inn ein avtale med Stefanusalliansen om støtte til «Stefanusbarna» i Egypt. Soknerådet støttar arbeidet i tre år gjennom forbøn og pengar frå kollekt og konfirmantane sin bøsseinnsamling.

## Øy gardssong 2019

Dette var eit stort fellesarrangement i Hjeltefjorden Arena, i regi av soknerådet og kristne forsamlingar i Øygarden. Kristen song og musikk lydde gjennom heile helga 20.-22. september. Arrangementet vart avslutta med ei stor fellesgudsteneste på søndagen. Ein planlegg no Øy gardssong 2020.

## Soknerådet sin økonomi

Soknerådet har to kjelder for inntekt. Det er offer i kyrkjene, til kyrkjelydsarbeidet og givarteneste. Det er naudsynt å arbeide med å auke inntektene til soknerådet sitt arbeidet. I årsmeldinga er det eit eige oppsett som viser rekneskapstala.

## Kyrkjevalet 2019

Det var kyrkjeval i 2019 og Hjelme sokn og Blomvåg sokn vart slått saman eit eitt sokn etter kyrkjevalet. Det samanslåtte soknet ber namnet Hjelme og Blomvåg sokn.

## Soknerådet sine medlemmer etter kyrkjevalet i 2019

Faste medlemmer: Erling Vik (leiar), Aina Elisabeth Hellesund (nestleiar), Gisle Kårbø Rong, Øyvind Solsvik, Gustav Magne Landro og Therese Dale Gerhardsen. Varamedlemmer: Elise Irene Karlsen, Øystein Vik, Astrid Johanna Nautnes Rustad, Tormod Magnesen og Monica Breivik. Sokneprest Espen Sigve Tveten møter fast i soknerådet.

## Takk til soknerådet 2015-2019

Ei stor takk til soknerådet som avslutta si tenestetid hausten 2019: Råmund Skjold og Eilert Hellesøy tok ikkje attval ved kyrkjevalet i 2019.



Hjelme gamle kyrkje vart rehabilitert.



Fellesskapsamling i kyrkjelyden.

# Øygarden kyrkjelege fellesråd

## Innleiing

Kyrkjeleg fellesråd har ansvar for økonomi, personale, planarbeid og gravplassforvaltning i fellesrådsområdet.

Året 2019 har vore prega av samanslåing av fellesrådsområda Fjell, Sund og Øygarden som følgje av kommunesamanslåinga.

Fellesrådet sin rapport må sjåast i samanheng med resten av årsmeldinga for 2019.

## Samanslåing av fellesråda

Det vart oppretta i 2017 ei kyrkjeleg fellesnemnd med representantar frå fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden, som skulle ha det overordna ansvaret for samanslåingsarbeidet.

Dei tilsette i fellesrådsområdet var sterkt involvert og medverkande i samanslåingsprosessen, som vart avslutta tidleg haust 2019, innanfor tidsramma som vart sett.

## Kyrjekontoret på Rong

All administrasjon og publikumsekspedisjon vart frå 1. juni lokalisert til det nye fellesrådet sitt kontor på Straume. Tilsette som arbeider lokalt i Hjelme og Blomvåg sokn har fortsatt kontor på Rong, men utan opningstid for publikum.

## Kyrkjene

For Hjelme kyrkje og Blomvåg kyrkje er det i 2019 utført normalt ettersyn og vedlikehald.

Hjelme gamle kyrkje vart opna etter nærare 2 år med vedlikehaldsarbeid. Opninga vart markert med ei gudsteneste 27. oktober med offisielle gjestar frå kommunen og prostiet. Nærmiljøutvalet arrangerte kyrkjekaffi i naust i Hjelmevågen etter gudstenesta. Det var Øygarden kommune som stod for vedlikehaldsarbeidet, gjennomføring og økonomi.

## Gravplassane

Gravplassane er haldne i hevd innanfor dei rammene som fellesrådet rår over.

Den vestre delen på Blomvåg (nye) gravplass er heva for gravlegging i to nivå. Det er anlagt namna minnelund på gravplassen og muren rundt den vestre delen er fornya. Det er også sett inn port mot vest. Denne gravplassen har også fått asfalt på gangvegane, noko som gjer det lettare for rørslehemma å ta seg fram.

## Reguleringsarbeid Blomvåg vest

Kommunen har arbeida med regulering av området vest i Blomvågen som også omfattar Blomvåg kyrkje. I denne planen ligg det inne areal for ny gravplass og parkeringsanlegg og gangvegar. Fellesrådet meiner at det er eit godt og tenleg innhald i planen.

## Tilhøvet til kommunen

Det har vore eit godt samarbeid mellom kommunen og fellesrådet i 2019. Fellesrådet ønskjer å takke kommunen for samarbeidet og for løyvingane til verksemda generelt, arbeidet med Hjelme gamle kyrkje og arbeidet på den vestre delen av Blomvåg nye gravplass.

## Endring i personalet

Diakonimedaridar Bjørg Hindenes Blom og kantor Anne Lise Grøm vart pensjonistar ved utgangen av 2019. Me takkar for ei lang og trufast teneste. Utover dette vert det vist til informasjon i ØyNytt om endringar i staben som følgje av samanslåing av fellesråda.

## Økonomi

Rekneskapan for 2019 vert avslutta og revidert våren 2020 og er ikkje avlagt når årsmeldinga er skriven.

# Soknepresten sin årsrapport

Espen Sigve Tveten

Sokneprest



Me legg bak oss eit innhaldsrikt år i Blomvåg og Hjelme. Det har vore eit år med samanslåing og samarbeid. Eg er takksam for alle menneske eg har møtt, alle menneska som er opptatt av kyrkja og alle arrangement som har vore gjennomført. Ikkje minst er eg takksam til Gud som har omsorg for både prest og kyrkjelyd.

## Samanslåing

Nytt av året er at eg må slutta å seie at eg er sokneprest i Øygarden, men i Hjelme og Blomvåg sokn. Den største overgangen er nok likevel at kyrkjekontoret er flytta til Straume. Det har vore eit sterkt ønskje om at tilsette i utadretta stillingar fortsatt skal halde til i soknet. Slik har det vorte, og møter og samtaler av ulike slag vil og i framtida finne stad på Rong. Administrasjonen har gjort ein stor innsats i denne prosessen.

## Hjelme gamle kyrkje

Det har vore mange samarbeidsprosjekt dette året. Opninga av Hjelme gamle kyrkje er eit av dei. Me er takksame til kommunen som har gjort det mogeleg å bruka gamlekyrkja på ny. Det vart ein storstilt opningssøndag i slutten av oktober – mykje takka vere det gode samarbeidet mellom nærmiljøutvalet og kyrkja. Bygdefolket sette tydeleg pris på at kyrkja er sett i stand att.

## Øygdassong

Øygdassong vart arrangert for første gong i september i fjor. Det er eit ønskje om at dette vert ei årleg song- og musikkhelg. Det vart lagt ned betydeleg frivillig innsats rundt arrangementet og tilbakemeldingane var gode. Arrangørar er Vik bedehus, INRI-kyrkja, Sion på Tjeldstø og Den norske kyrkja. Det er et eit viktig signal at kristenfolket kan gå saman om eit slikt arrangement.

## Statistikk

To tal er gledeleg for fjorårets statistikk: Det har aldri vore fleire på gudsteneste og det har aldri vore fleire til nattverd.

Det er ei jamn og god kyrkjesøking. I ei tid då nedgang er det normale i kyrkja, held me stand her i Hjelme og Blomvåg. Dåpstala og konfirmanttala er stabile. Eit element som spelar inn på fjorårets gode tal er store gudstenester i Hjeltefjorden Arena (KRIK-gudsteneste og Øygdassong-gudsteneste), samt opninga av Hjelme gamle kyrkje. Desse store gudstenestene slår også inn på gode nattverdstal.

Det var i fjor langt færre gravferder enn normalt. Eit anna interessant moment er at talet utmeldingar har flata ut. Eit par år var dei høge.

## Ny prostiprest og prost

Helge Unneland vart i 2019 takka av etter fleire år som prostiprest her hos oss. Inn kom Knut Kaldestad som ny prostiprest. Me er takksame for arbeidet Helge har gjort, og me er glad for at Knut har teke over denne viktige tenesta. Prost Erling Kopperud gjekk og av med pensjon etter lang og tru teneste. Me ser fram til at den nye prosten Jan Tommy Fosse startar i si teneste.

## Nytt sokneråd og ny visjon

Til tross for gode tal på mange områder, er det ikkje grunn til å senka ambisjonsnivået. Framleis kan kyrkja nå både vidare og djupare ut til folket i soknet. Dette vil det nye soknerådet og eg som prest gripa fatt i. Me har eit ønskje om eit stort og vidt arbeid. Visjonen for den nye 4-årsperioden er «Elska av Gud og menneske». Me vil arbeide for eit samfunn der den einskilde kan kjenna omsorg frå menneske rundt seg og få openberra at ho eller han er elska av Gud. Konkrete mål for kyrkjelydsarbeidet i tida som kjem er betre organisering i ulike utval og meir involvering i gudstenestelivet, og me ønskjer at fleire skal finna saman i husfelleskap og smågrupper.



Frå Øygdassong 2019

# Kyrkjelydspedagogen sin årsrapport

Hogne Berland  
Kyrkjelydspedagog



Vi har mykje å vera takknemleg for i trusopplæringsarbeidet i Øygarden. Det er mange som gjer ein stor innsats for at den neste generasjonen skal verta kjent med Jesus. Vi lever i ei tid då mange unge kjenner på usikkerheit. Då er det flott at vi kan halda fram Jesus som det håpet dei treng, for livet her og for æva. I ein kort årsrapport får vi ikkje fram alt barne- og ungdomsarbeidet som skjer i kyrkja, men her kjem nokre glimt frå 2019.

## Barne- og ungdomsarbeidarar

Frå sommaren 2019 var samansetninga av barne- og ungdomsarbeidarar slik:

Mathilde Karin Dale er tilsett i 50 % stilling. Ho er med på alle leirane i tillegg til å følgje konfirmantane. Utanom dette har ho hatt ansvar for baby-song. Lill Grete Stranda Rossnes heldt fram i 20 % stilling og har fulgt ungdomane på K2 og K2pp i tillegg til å vera med på nokre leirar. Den siste tilsette er Matilde Solsvik som frå sommaren gjekk inn i 15% stilling. Ho har fulgt konfirmantane og vore med på nokre leirar.

## Leirane

På våre 8 leirar på Skjergardsheimen var 279 born og unge deltakarar i 2019. I tillegg kjem konfirmantleiren i Sætervika med 57 deltakarar. Med 12-14 leiarar på kvar leir er det mange som gjer ein stor innsats for at vi skal kunne halde fram med eit stort leirarbeid. Ein stor takk til desse. Vi opplever at leir som arbeidsform fungerer godt i Blomvåg og Hjelme sokn. Skjergardsheimen er kjent av alle og mange foreldre har sjølv reist på leir her. Etter at trusopplæringsplanen kom for nokre år sidan har vi også fått gode opplegg for undervisninga på leir og ei meir heilskapleg tenking om kva vi skal lære borna i løpet av åra dei reiser på leir.

## K2pp

K2pp er kyrkja sitt trusopplæringsstilbod til dei som går på vidaregåande. Opplegget har bestått i ei samling i Blomvåg kyrkje ein kveld i månaden med middag, undervisning, bøn, fellesskap og leik. Etter innspel frå ungdomane la vi om opplegget frå hausten av. No legg vi heller opp til to-tre helger i semesteret med overnatting frå laurdag til søndag. På denne måten får vi meir ro over samlingane og meir tid i fellesskap. Vi har nytta tida til å besøke ungdomsmøter i Bergen eller på Straume og til undervisning, konkurransar, måltid og bibellesing. Vi vurderer foreløpig omlegginga som eit riktig trekk og har fått gode tilbakemeldingar frå

ungdomane. Mellom 10 og 20 ungdomar deltek på dette opplegget.

## Småbarnssang

Småbarnssangen samlast i Blomvåg kyrkje annakvar tirsdag ettermiddag og er eit tilbod til dei yngste borna. I 2019 har det jamnt vore mellom 10 og 20 born + tilsvarande med foreldre eller besteforeldre. Samlingane startar med song i ring på kyrkjegolvet og avsluttast med kveldsmat. Tilbakemeldingane er at dette er kjekt for både borna og dei vaksne som får eit avslappande treffpunkt. Vi ser også at borna får eit forhold til kyrkja, kjenner seg heime der, gler seg til å gå i kyrkja og snakkar om «kyrkja mi». Det trur vi har stor verdi.

## Ei refleksjon om trusopplæringa

Når vi reknar på tala og ser på året som har gått, så er vi i kyrkja involvert i mange timar med trusopplæring. Det er vi takksame for og det er spennande å møte dei same borna år etter år på leir og andre tiltak. Likevel er timane med trusopplæring per person ganske få i forhold til kor mykje tid kvar person brukar i heimen. All erfaring (og forskning) tilseier at det er heimen som er den viktigaste trusopplæringsarenaen. Og det er foreldra som er dei viktigaste førebileta for borna også når det gjeld tru. Kjenner foreldra seg klare for denne viktige oppgåva som trusopplæring? Treng vi i kyrkja å bruke meir tid på trusopplæring for vaksne?

## Bøneemner

- At born og ungdom i Blomvåg og Hjelme får møte Jesus og får ei tru som held livet ut.
- At endå fleire vil reise på leir og dei andre trusopplæringstiltaka.
- At Gud leier arbeidet og viser oss korleis vi best kan nå born og unge.
- At med får gode medarbeidarar i trusopplæringsarbeidet også frå hausten 2020.

# Diakonimedarbeidaren sin årsrapport

**Björg Blom**

Diakonimedarbeidar



Eit nytt år er til ende, og det er tid for eit tilbakeblikk.

## Eldretreff

For Blomvåg sokn,- på Tednebakkane omsorgssenter, har me hatt 7 samlingar dette året. Og for Hjelme sokn, i Hjelme kyrkje også 7 samlingar. I tillegg har me hatt 2 fellessamlingar, i mai og desember. Frammøtet har vore godt. Litt vekslande i Hjelme, frå 25 frammøtte og oppover. På Tednebakkane har det kome mellom 30 og 40 kvar gong. Her kjem det og mange brukarar frå instutisjonen. Programmet har vore variert, med ulike gjestar, både med foredrag, opplesning, andakt og song.

Komitéane for eldretreffa har hatt fleire møte der me har drøfta vegen vidare inn i den nye tida, med ny kommune. Den nye diakoniarbeidaren vår, Ellen Ebbesvik har tatt på seg ansvaret for begge eldretreffa frå nyttår av. I Hjelme vert det endring til føremiddagstreff frå kl. 11-13.00 på torsdagar. Treffa på Tednebakkane vert som før, frå kl.16.30-18.30, men endra til tysdagar. Komitéane som har vore, held fram med å hjelpe til som før.

## Busstur

Høgdepunktet vårt dette året, var bussturen i juni, som gjekk til Matre og Stordalen Fjellstove. På grunn av eit ras mellom Matre og Stordalen, vart turen ekstra lang, med omkøyring via Oppedal og Bjordal. Det vart ein heildagstur, og vel så det! På Matre fekk me interessant omvisning på museet der, frå krigen og det som hende i Matrefjella dei siste krigsdagane. Men først hadde me ein stopp i Knarvik,



med kaffi og smørbrød. Etterpå samlast me i den nye kyrkja. Der vart me tatt godt imot av tidlegare biskop Hagesæther. Han fortalde om kyrkja, dugnadsarbeidet der, og hadde ei fin andakt til oss. Triveleg for Øygardsfolket å få møta han

der. Då me endeleg kom til Stordalen, venta det oss ein velsmakande middag på fjellstova. Godt med dessert og kaffi før me drog den lange vegen heimatt, til øyane i vest. Takk til alle de frivillige, som kvart år gjer ein flott innsats i dette arbeidet.

## Besøkstenesta

Den held fram som før, med faste eller meir sporadiske besøk, etter ynskje og behov. For dei fleste i heimane, men og nokre på Tednebakkane. Pr. i dag har me 12-14 namn på lista. Positivt er det at me no har fått fleire frivillige i denne tenesta, slik at dei som ynskjer det kan få oftare besøk. Men der er endå behov for fleire frivillige, særskilt menn. Takk til dykk som vil bruka av tida dykkar til glede for andre, på denne måten.

## Innvandrararbeid

Også dette året har eg fått vore med på språksprell, saman med ei gruppe av innvandrarane. Me samlast ein gong i veka, som oftast på gamle Toftøy skule. Men me har og vore på biblioteket, der me har sett ulike filmar,- med samtale i etterkant. Dessutan har me hatt tur til Akvariet i Bergen og Gamle Bergen i Sandviken, til glede for dei som var med. Dessverre ser det ut til at dette tilbodet fell ut frå nyttår av, i alle fall her ute i gamle Øygarden.

## PDU

I prostidiakoniutvalet har me hatt planlegging av mange ting i samband med kommunesamanslåinga frå januar 2020. I oktober hadde me den tradisjonelle temakvelden om sorg, i Foldnes kyrkje. Med oss var instituttprest på Modum, Rune Stray. Tema var «å møte hverandre i sorgen». 3. november var det allehelgensdag med gudsteneste, der dei som hadde mista nokon siste året fekk særskild invitasjon. Det var og planlagt sorggruppe i etterkant, men på grunn av lite påmelding, vart den utsett til over nyttår. Dette arbeidet er felles for heile prostiet, men Askøy har sine egne grupper, og Øygarden (nye kommunen) har sine.

Så håpar eg den nye diakoniarbeidaren vert tatt godt imot. Sjølv takkar eg for mange fine år, saman med mange flotte menneske, her ute i gamle Øygarden!

«Han har fått navnet Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste!» (Jesaia,k .9, v.6)

# Kantor sin årsrapport

Anne Lise Grøm

Kantor



## Konsertar i kyrkjene:

Det har vore 10 musikkarrangement dette året:

### Hjelme kyrkje:

- 16.06: Nordhordland musikklag. 115 til stades.
- 13.10: Konsert med The Broken Haloes: Anita Heggholmen, Kjetil Lynglund, Idar Ørjansen, Per Halvorsen, Audun Sekkestad, Kåre Glesnes og Egil Skjelnes. 176 til stades.
- 15.12: Vi syng jula inn: Øygarden skulemusikkorps, fiolin: Andrea Tomic og Karita Kleppstø, 12Manna og Øygardskoret. 150 til stades.
- 19.12: Julekonsert med Kor i Øygarden, Anita Heggholmen m. fleire. 350 til stades.

### Blomvåg kyrkje:

- 10.03: Konsert: «Kvilestein» folketonar med Kjersti Wiik song, Laila Kolve fløyter, Maria Skjeldrup Toppe fele, Kristoffer Kleiveland toradar og Øygardskoret. 31 til stades.
- 30.03: Gospelnight med Gospelteens. 106 til stades.
- 07.04: Konsert med Visst skal våren komme. Samarbeidsprosjekt. Sotra Reviderte, Sund prosjektkor og Øygardskoret. Piano: Irina Tarasova, klarinett: Pavel Girunyan, bass: Thomas Linde Lossius, tekstlesing: Egil A Sæle og dirigent: Anne Lise Grøm. 90 til stades.
- 29.09: Konsert med Natalia Medvedeva orgel og Ole Christian Ottesen altsax og blokkfløyter. 20 til stades.
- 13.12: Rong brass. 124 til stades.
- 22.12: Vi syng jula inn Lyskastaren, Øygarden skulemusikkorps, Fiolin: Raket Torsvik og Øygardskoret. 188 til stades.

## Korarbeidet

Øygardskoret hadde 9 medlemmer i 2019. Sjølv om koret er lite og derfor er sårbart, får me ofte godord frå tilhøyrarar – det set me stor pris på!

Hjelme gamle kyrkje 27.10: Ved opninga av kyrkja etter restaureringa. Koret song både på gudstenesta og på kyrkjekaffien etterpå.

Koret song på gudstenester og konsertar i begge kyrkjene, konsert i Sund, Blomvåg og Fjell med musikalen: Visst skal våren komme, «Vi syng jula inn» i begge kyrkjene, og på julefesten i Hjelme kyrkje. Koret har eit årleg samarbeid med Øygarden mållag om kulturkveld på Kystmuseet. Denne gongen var det «Jul på nynorsk» 5. des. Damene i koret song på Internasjonal kvinnegruppesamling på ungdomsskulen 2. okt. I oktober var vi tre frå øygardskoret som var på ein flott tur til Isle of Man med om lag 200 songarar frå Noreg.

Å syngja i kor er sosialt fellesskap!

Sidan dette er siste gongen eg skriv årsmelding, vil eg takka for dei 29,5 gode åra eg har fått vera kantor i Øygarden, alle gode minne og alle dei flotte menneska eg har samarbeidd med!



Vi syng jula inn i Hjelme kyrkje



Vi syng jula inn i Blomvåg kyrkje

Av desse er 80,6 % medlemmer i Den norske kyrkja.  
7,9 % i andre trussamfunn.

## Kyrkjeleg statistikk

### Blomvåg sokn

Område/tema	2019	2018	2017
Deltakarar på gudstenester	6603	5846	5006
Nattverdsdeltaking	2295	1423	1842
Døypete	32	37	27
Konfirmantar	38	34	37
Offer totalt	162 634	132 558	139 831
- Av dette offer til eige arbeid	56 614	37 499	41 537
Givarteneste	80 950	73 700	84 100
Innsamlingar m.m.	50 978	48 723	42 700
Registrerte frivillige medarbeidarar	85	91	90
Gravferder	16	27	19

### Hjelme sokn

2019	2018	2017
2893	2933	3000
861	1148	974
8	9	14
9	15	11
118 704	121 184	102 489
39 747	43 054	31 475
23 400	23 250	23 300
<sup>1</sup>	10 510	25 000
62	68	69
12	11	12

<sup>1</sup> ført samla under Blomvåg for 2019

## Rekneskapstal 2019

### Øygarden sokneråd

	2019	2018
Arrangementsinntekter	25 490	40 000
Offer til kyrkjelydsarbeidet	86 939	90 987
Offer til organisasjonar/misjon	178 404	172 443
Faste givarar	127 000	98 950
Inntekter til misjonsavtalen	132 049	57 307
Renteinntekt	99	90
Sum inntekt	549 981	470 076
Materiell, utstyr m.m.	17 185	2 929
Arrangementsutgifter	45 890	38 809
Rekneskap og revisjon	12 250	10 788
Misjonsavtale	97 897	119 938
Overført til fellesrådet	130 000	120 000
Offer til organisasjonar/misjon	192 997	172 544
Nattsafe	2 968	3 303
Gebyr	1 794	1 307
Sum utgifter	516 664	486 558
Mindreforbruk/meirforbruk	33 317	-16 482

### Balanse 31.12.2019

Kontantinnkot bank	84 095
Skuldig gjeld	7 343
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>76 752</b>